



Ordføraren sitt hjørne - oktober 2018

Ein sommar er over, og tankane går alt til neste sommar og dei deretter. Det er heilårsarbeidsplassar eg har i tankane. Derfor er framtidige sommaraktivitetar i Hemsedal veldig viktige. Denne sommaren kom ein ny aktivitetspark i sentrum. Det har vore stor aktivitet i «Høyt og Lavt parken». Den har skapt arbeidsplassar direkte der, og indirekte i bygda elles som på kafear og i butikkar. Dette er ein grunn til å stoppe i Hemsedal, eller vera litt ekstra på hytta.

Turisttrafikklaget har utarbeidd ein masterplan for sykkel. Den er ikkje handsama i kommunestyret enno, men i samband med kommunestyresak om støtte til den sykkelstigen som er under bygging i Totteskogen, uttala fleire representantar seg positive til framtidig sykkelsatsing. Underteikna og ein del andre politikarar saman med folk frå næringslivet har vore på studietur Til Trysil. Der har dei satsa stort på bygging av sykkelstigar og sykkelpark. Arbeidet der starta i 2014 og dei har derfor eit breitt og variert tilbod no. Det er mange varierte stigar, frå grønt til svart, i eigen park og i heisbaserte stigar. Dette har gitt Trysil ein enorm lyft i sommartrafikken. I ein nyleg rapport er det synleggjort 77 nye arbeidsplassar, og ein omsetning på nær 50 millionar kroner. Dette er så store summer at det forsvarar ei investering på 20 millionar og meir til som dei har gjort no dei siste 3 åra. Trysil kommune har gått inn med eit tilskot på 5 millionar.

Masterplan for sykkelutvikling i Hemsedal er delt inn i to steg. Det er fyrste del me skal ta stilling til utpå vinteren. Til kommunestyremøtet no er det ei sak om oppretting av eit selskap som skal stå som utviklar/utbygger. Det er Hemsedal kommune, Hemsedal idrettslag og Turisttrafikklaget som er stiftarar av selskapet, Hemsedal Aktivitetsanlegg AS, er med på 1/3 kvar. Finansiering av sykkelutviklinga er tenkt med støtte frå næringa, kommunen, fylkeskommunen, stiftingar, tippemidlar og andre. Dette vil koma fram i saka om masterplanen og gjennomføring av den over nyttår ein gong.

Innhaldet i planer slik den er no, er sykkelstig i heisanlegget med vanskeleggrad blå, på ca 10 km, stigsystem som bind Trøym og Skisenteret saman med stigen i Totteskogen, ein liten park og ein raud stig frå Skigaarden og til Skisenteret. Dette er meint å byggje dei 3 komande åra. Det må utviklast såpass for at dette er eit tilbod som folk finn bra nok for å koma hit og bruke anlegget. Det er i gang utbygging av gode sykkeltilbod rundt om i Hallingdal også, slik at totaltilbodet i Hallingdal blir av det beste i landet.

Slike sommaraktivitetar gjer vekst i både kommersielt reiseliv og overnattingar på private hytter. Tala frå Trysil syner det gjer ein stor vekst i heilårsarbeidsplassar. Det er det viktigaste for kommunen og dei mange som ynskjer å busetja seg i bygda. Det må heilårsarbeid til for å kunne finansiere kjøp eller bygging av eigen bustad, og det er også nødvendig for å kunne leige seg husvære. I Trysil er det mange som no har fått jobbar kombinerte med arbeid i heis ol. om vinteren, og sykkel eller vedlikehald om sommaren. Og meir turistar om sommaren gjer også vekst mange andre plassar i Hemsedal. Det er store ringverknader av dette.

Sommaren er viktig, men det er vinteren som er den store og tunge delen i reiselivet vårt. Derfor er ein snøsikker vinter uhyre viktig for oss. Tidleg sesongstart betyr mykje, så no er det bra viss kulde og snø kjem snart!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører